Dåpsplakaten

– ei rettleiing til dåpssamtalen

Om Dåpsplakaten

Dåpsplakaten er utarbeidd for å heve kvaliteten på den samtalen presten har med familien før ein dåp. Konkret er den eit dobbeltsidig A3-ark, som vert lagt fram på bordet i dåpssamtalen. På framsida er ei rekkje bilete, ord og spørsmål, som alle er knytt til dåp. På baksida står hovudelementa i dåpsliturgien og gangen i gudstenesta, pluss at det er plass til å skrive notatar eller teikne ein skisse av kyrkjerommet. Framsida på arket er retningslaus, og kan lesast like godt frå alle sider. Dåpsplakaten er gratis å bruke, lett tilgjengeleg som pdf-fil i ressursbanken.no, og kan skrivast ut på prestens eige kontor.

Rettleiing for bruk av Dåpsplakaten

1. Skriv ut sjølv, med følgjande innstillingar: Storleik A3 (hugs A3 – A4 er for lite), tilpass sida, fargar, skriv ut på begge sider, vend på kortsida/liggande retning.

2. I dåpssamtalen vert arket lagt fram for foreldra. Det kan vere ein fordel å vente med å legge arket fram til ein har snakka litt saman og blitt kjende. Når det så vert lagt fram, forklarar presten korleis det skal nyttast:

– **Foreldra** byrjar med å skrive barnet sitt førenamn – som skal seiast ved døypefonten – i det kvite feltet midt på framsida av arket. Då er arket teke i bruk og det er tydeleggjort at det er eit arbeidsark. Foreldra beheld arket etter samtalen, og kan til dømes henge det opp heime.

– **Presten** bed foreldra sjå grundig på arket – gjerne frå fleire sider – og så peike på eit bilete, ord eller spørsmål, som treff dei, og seie noko om det. Det kan vere noko dei assosierar med dåp, noko dei vil spørje presten om, eller eit spørsmål dei ønskjer å svare på sjølve. Det er viktig at det er foreldra – ikkje presten – som vel det første samtaleemnet.

– **Når** eit emne er valt, legg presten til rette for ein kort samtale rundt det. Om familien til dømes vel "tradisjon" eller "kjærleik", kan presten be dei seie litt meir om kva dei tenkjer, stille oppfølgjande spørsmål (til dømes: "meiner du då familietradisjon eller norsk tradisjon?"), og la foreldra kome med eigne perspektiv. Så vel neste person neste tema, og slik går ein ein runde. Etter kvart vert det presten sin tur, og ho/han velg sjølv etter eige skjønn.

– **I nokre** samtalar er det mogleg å ta to eller tre rundar med ulike tema (oftast kan ein kome gjennom 5-6 "trådar"), medan det i andre tilfelle kan kjennast naturleg å avslutte denne delen etter éin runde. Presten styrer dette og kan òg sjølv bruke arket til formidling.

.

3. Etter kvart blir arket snudd, og presten brukar baksida til å gå gjennom liturgien og alt det praktiske kring dåpen med familien. Den opne tekstruta kan brukast til notat eller til å teikne ein skisse av kyrkjerommet.

"Dåpsplakaten aukar sjansen for at dåpssamtalen blir ein reell dialog. Presten set seg i ei open posisjon der ein får hjelp til å lytte til foreldra, og samstundes høve til å nærme seg forståinga av dåpens vedunderlege betyding, gåve og oppgåve."

Magne Torbjørnsen, sokneprest i Askim

De som står bak Dåpsplakaten

Dåpsplakaten er ei omsetjing og vidareutvikling av eit liknande verktøy i Danmark. Det opphavlege danske verktøyet vart laga av Arne Mårup, sokneprest i Den danske folkekirke, og gitt ut av forlaget Eksistensen. Den norske versjonen vart utarbeidd av Oscar Andreas Lied, prest i Den norske kyrkja, med hjelp frå kollegaer i Indre Østfold kirkelige fellesråd og Østre Borgesyssel prosti. Den vart ferdigstilt i november 2022. Opphavleg tittel (Danmark): Dåbssamtalestarter. Design (den norske versjonen): Åshild Moen Arnesen. Foto (den norske versjonen): Den norske kirke/Bo Mathisen/Malin Longva og Noiva Photography.

DEN NORSKE KYRKJA